

# Gode dagar i Tokkebarnehagen



Når det gjeld årsplan generell del som denne årsplanen bygger på, så er den tilgjengeleg på heimesida vår.

For å synleggjere dagleglivet og innhald i Byrte barnehage samt arbeid med fagområda nyttar vi oppslag på vegg, vekebrev, utstilling av temaarbeid, og informasjon i Visma-app.

## Årsplan Byrte barnehage 2023-2024



### **Kontaktinformasjon:**

**Styrar:** Beate Reindal Lippert

**Besøksadresse:** Mo-Byrtevegen  
1644

**Postadresse:** Storvegen 60,  
3880 Dalen

**Tlf.nr. barnehagen:** 476 70 008

**E-post til styrar:**  
beate.lippert@tokke.kommune.no

### **PRAKTISK INFORMASJON:**

**Opningstid: 07.30-16.30**

4 dager pr veke (mån-tys-ons og fred)

### **Levering og henting:**

Skal barnet bli henta av andre enn foreldre/ føresette må barnehagen få beskjed om dette. Personar som dykk har skrive på kontaktskjema (løyveskjema) er godkjente på førehand. Ved arrangement i barnehagen der foreldre/ føresette deltek er det foreldre som har ansvaret. Alle portar i barnehagen skal latast att kvar gong du opnar den, uansett.

### **Fråvær**

Gje beskjed innan klokka 09:00 dersom barnet ikkje kjem. Slik kan me betre planlegge dagen og omdisponere ressursar til det beste for dei fleste. Ynskjer at fråvær registrerast i Visma appen - fråvær

### **Mattilbod**

Frukost tek ein med sjølv, lunsjen og ettermiddagsmat blir servert.

Pris: 20,- kroner dagen

Like viktig som sunn mat er dei gode samtalene og stemninga rundt bordet.

### **Bursdagar i barnehagen**

Me flaggar for bursdagsbarnet ute på veggen barnet får krone og blir feira i barnehagen i samråd med foreldre.

### **Ferie**

Jamfør barnehagevedtektene må minimum 6 plassar vere fylt i barnehagen for at me skal ha ope i romjula og mellom palmesundag og skjærtosdag.

Alle barn skal ha minst 4 veker ferie og 3 av desse skal vere samanhengande

## **PRAKTISK INFORMASJON:**

### **Barn og sjukdom i barnehagetida**

I løpet av barnehagetida kan ein frå tid til annan oppleve at barna blir sjuke. Den fyrste tida etter barnehagestart kan vere hektisk, og den eine forkjølinga etter den andre kan råke barna. Det er heller ikkje uvanleg med oppkast og diare. Mange barn og nye omgjevnader serverer eit stort spekter av smittestoff som me ikkje har heime. Å sende barna for tidleg tilbake til barnehagen kan føre til at barna er meir mottakelege for ny smitte. Det er alltid allmenntilstanden til barna som avgjer om dei kan vere i barnehagen eller bør vere heime. Då meiner me at allmenntilstanden må vere god nok til at barna kan delta aktivt i leik både inne og ute i ein heilt vanleg barnehagekvardag.

Enkelte sjukdomar krev ulike smittevern tiltak. Oppkast og diare medfører stor smittefare, og regelen

## **DETTE TRENG BARNET I BARNEHAGEN:**

Skift:

Undertøy, stillongs, sokkar, bukse, genser, innesko, ullundertøy, ull/fleece som mellomlag, ullsokkar, lue og gode vottar. (gjerne ullvottar til born som søv i barnehagen)

Sovevogn og tilbehør.

Solkrem og solbriller.

Dress, regntøy, støvlar, joggesko og vintersko.

Tenk årstid og merk kleda.

Hugs at uteklede skal takast med heim til vask ved behov, og hyller skal tømmast til fredagen.



## **SATSINGSOMRÅDE FOR BARNEHAGANE I TOKKE 2023-24**

Barnehagane i Tokke blir «**Liv og røre barnehagar**» med oppstart frå hausten 2023.

### **Målsetting:**

Å fremje helse, trivsel og inkludering som grunnlag for læring og livsmestring.

### **Fysisk aktivitet og bevegelsesglede**

Fysisk aktivitet og bevegelsesglede bygger på Helsedirektoratets tilrådingar, og skal vere ein naturleg del av barnehagens kvardag.



### **Kosthald og matglede**

Kosthald og matglede bygger på Helsedirektoratets nasjonal fagleg retningline for mat og måltid i barnehagen.



## SATSINGSOMRÅDE FOR BYRTE BARNEHAGE 2023/2024

### Satsingsområde

- ✓ Me finn ein fast stad i skogen der vi observerer endringar gjennom året og utforskar nærområde.
- ✓ Me brukar gymsalen vår aktivt for å fremme bevegelsesglede.
- ✓ Me lagar varmmat ein gong i veka. Barna blir involvert i matforberedingane ut frå alder og modning.

Ut i frå satsingsområde har vi valt å dele opp året i ulike periodar og bruke Rammeplan for barnehagar (R-2017) aktivt. Dette barnehageåret vil me jobbe slik;

Periode	Tema	Fagområde	Arbeidsmetodar/annet
1 Medio august - september	✓ Nytt barnehageår ✓ Bli kjent ✓ Min familie	✓ Nærmiljø og samfunn ✓ Kommunikasjon, språk og tekst	✓ Samarbeid barnehage – heim ✓ Kommunikasjon og språk ✓ Demokrati og danning
2 Oktober - medio november	✓ Hausten ✓ Bevegelses glede	✓ Kropp, bevegelse, mat og helse ✓ Natur, miljø og teknologi	✓ Livsmestring og helse ✓ Vennskap og fellesskap ✓ Leik
3 Medio november - medio januar	✓ Joleforberedingar ✓ Nestekjærleik	✓ Etikk, religion og filosofi ✓ Kunst, kultur og kreativitet	✓ Mangfald og gjensidig respekt ✓ Likestilling og likeverd
4 Medio januar - april	✓ Vinter ✓ Liv og røre	✓ Mengd, rom og form ✓ Kropp, bevegelse, mat og helse ✓	✓ Livsmestring og helse ✓ Leik og læring
5 Mai - juni	✓ Vår og sommar ✓ Kulturelle leikar	✓ Natur, miljø og teknologi ✓ Kommunikasjon, språk og tekst	✓ Berekraftig utvikling
Sommartilbod i barnehagen juli – medio august			

## Barn og barndom

*Barnehagen skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Å bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehage skal grunnngje sine vurderingar ovafor føresette og ta omsyn til færesette sine synspunkt. Samarbeidet skal sikre barnehagen greier å utføre sitt samfunnsmandat.*

Så fint du sa i frå om det!



### **Dette forventar me av deg som føreset:**

- Du gjev oss nødvendig informasjon om barnet ditt, slik at me veit om helse, søvn, dagsform og eventuelle endringar i familiesituasjon.
- Du møter opp på foreldremøte, foreldresamtaler, dugnad og andre arrangement som barnehagen har ansvar for.
- Du les planane våre og held deg orientert om det som skjer rundt barnet i dagleglivet i barnehagen.
- Du gjev konstruktiv tilbakemelding på saker som opptek deg.
- Du ringer og gjev beskjed dersom barnet ditt ikkje kjem, eller om de er forsinka. Du må også gje beskjed om det er andre som skal hente barnet ditt. Og det er viktig at du tek kontakt ved bringe- og hentesituasjonar.
- Du har til ei kvar tid oversikt over at barnet ditt har nok skift og hensiktsmessige klede i høve til årstid, vær og temperatur.
- Det du ser i barnehagen av andre barn skal ikkje vere samtaleemne utanfor barnehagen.

### **Dette kan du forvente av oss:**

- Du skal møte nære, omsorgsfulle personale som gjev mykje kjærleik, glede og humor skal vere eit viktig element i kvardagen vår.
- Du skal føle deg trygg på at barnet ditt vert sett og høyrte i barnehagen.
- Du skal bli møtt på høfleg og respektfull måte.
- Du skal møte eit positivt personale som gjev god informasjon om barnehagens kvardag, slik at du kjenner deg trygg på at barnet ditt får ein god dag.
- Du skal få god informasjon om barnehagen gjennom årsplan, månadsbrev og generell info via Visma.
- Du skal forvente at me samarbeider med deg og bistår med å gje ditt barn ei god utvikling i leik med andre barn, og i kontakt med oss vaksne.
- Du skal kjenne tryggleik for å ta opp ting du er usikker på, misfornøgd med eller lurar på.
- Du skal vite at personalet og vikarar har teieplikt.
- Du kan forvente at me er serviceinnstilt og brukarvennlege. Du kan forvente at me stadig har som mål å tenkje og utvikle kvalitet gjennom fagleg oppdatering.



## Årshjul Byrte barnehage 2023-24

Aktivitet	Tidspunkt	Merknad
<b>Planleggingsdagar</b>	<b>Torsdag og fredag 15. og 16. august</b>	Barnehagen stengt
<b>Foreldremøte</b>	Tysdag 12. september	
<b>Friluftsseke</b>	Uke 42	
<b>Utelivskos med forelde og sysken</b>	Tysdag 17. oktober	
<b>FN-dagen</b>	Tysdag 24.oktober	
<b>Planleggingsdag</b>	<b>Fredag 3.november</b>	Barnehagen stengt
<b>Frist for å levere juleferieliste</b>	Fredag 01. desember	
<b>Luciafeiring</b>	Onsdag 13. desember	
<b>Nissefest</b>	Tysdag 19. desember	
<b>1. joledag</b>	<b>Måndag 25. desember</b>	Barnehagen stengt
<b>2. joledag</b>	<b>Tysdag 26. desember</b>	Barnehagen stengt
<b>1. nyttårsdag</b>	<b>Måndag 01. januar</b>	Barnehagen stengt
<b>Planleggingsdag</b>	<b>Tysdag 2.januar</b>	Barnehagen stengt
<b>Samenes nasjonaldag markering</b>	Tysdag 06. februar	
<b>Friluftsseke/m karneval</b>	Veke 7	
<b>Frist for endring av barnehageplass</b>	Torsdag 29.februar	Se kommunen sin heimeside
<b>Frisk for å levere påskeferieliste</b>	Fredag 01. mars	
<b>Påskekos</b>	Onsdag 20. mars	
<b>Langfredag - påske</b>	Fredag 29. mars	Barnehagen stengt
<b>2. påskedag</b>	Måndag 01. April	Barnehagen stengt
<b>Offentleg høgtidsdag</b>	<b>Onsdag 01. mai</b>	Barnehagen stengt
<b>Planleggingsdag</b>	<b>Fredag 10. mai</b>	Barnehagen stengt
<b>17.mai markering</b>	Onsdag 15. mai	
<b>Grunnlovsdag</b>	<b>Fredag 17. mai</b>	Barnehagen stengt
<b>2. pinsedag</b>	<b>Måndag 20. mai</b>	Barnehagen stengt
<b>Sommarfest</b>	Tysdag 04. juni	
<b>Victoriatur for 4- åringane</b>		For 2019- kullet
<b>Sommarstengt</b>	<b>Veke 28- 30</b>	Barnehagen stengt – tilbud i Dalen barnehage



## KOMMUNIKASJON

Du kan følge med på barnet ditt gjennom dagen med Visma Flyt Barnehage.

ME brukar den til dialog mellom heim og barnehage.

Bilete i dagboka, månadsplan og beskjedar finn du og her.

På Visma skal du: Skrive beskjedar.

Melde om fråvær (sjukdom, ferie/fri).

Krysse av på samtykkeskjem

Last ned «Visma- min barnehage» frå App-store eller Google play.

Logg inn med ID-porten, velg din kommune ved å skrive inn Tokke.

Logg inn med elektronisk ID, lag og bekreft ein personleg PIN-kode.

Heimesida: [Barnehage - TOKKE KOMMUNE](#)